



Klart for klimaks i eggejakta i fjor.

Systemene Nilsen skal satsa skikkeleg på påska også i år, melder Gunnhild 2 månader før det skjer. Til orientering er skjærtorsdag 5. april og då vil dei repetera fjorårets quiz-suksess med mange spanande kategoriar og originale spørsmål. Denne dagen er det grun til å håpa på stor oppslutnad,

- Men så var det dei andre dagane...
- Langfredag og påskelaurdag vert det rom for levane musikk, gourmetmat og ikkje minst eggejakta for dei minste som også vart ein suksess i fjor.

Den samla heile 80 born som jakta rundt i området og vi håpar på like mange smilade og kjekke ungar dette året. Det vert også tilbod om lunsjmeny til store og små denne dagen.

- Påskeafta bør vel vera eit høgdepunkt...
- Jau, det satsar vi på. Vi jobbar med å få tak i kjøkkensjef til å laga gourmet-middag denne dagen. Då satsar vi også på levande musikk, seier Gunnhild.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen